

Tilsyn - Særskild språkopplæring



Statsforvaltaren i Vestland

12.05.2026



Kontrollspørsmål i tilsynet

Tilsynet om særskild språkopplæring omfatta desse kontrollspørsmåla:

1. Vurderer skulen norskferdigheitene til eleven før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring?
2. Vurderer skulen om eleven har rett til morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag, eller begge delar?
3. Vurderer skulen kva som er til det beste for eleven når behovet for forsterka norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag blir vurdert?
4. Gjer skulen vedtak med eit innhald som er i samsvar med regelverket for elevar som har rett til særskild språkopplæring?
5. Vurderer skulen norskferdigheitene til elevane undervegs i opplæringa?
6. Gjer skulen enkeltvedtak når eleven ikkje lenger har rett til særskild språkopplæring?

Internkontroll har til no ikkje vore ein del av tilsynet på særskild språkopplæring, men dette vil truleg endre seg når føresegna blir innlemma i vurderingane framover.



Vurderer skulen norskferdigheitene til eleven før skulen gjer vedtak om særskild språkopplæring?

Kva vi ofte ser i tilsyn på området:

- Skulen kartlegg norskferdigheitene før det blir gjort vedtak
- Første samtale eller møte gir informasjon om språkleg bakgrunn og behov
- Det blir nytta fleire kjelder i vurderinga (samtalar, observasjonar, kartleggingar)
- Vurderingane tek utgangspunkt i kva eleven meistrar, ikkje berre kva eleven manglar
- Dokumentasjonen viser som regel ei brei vurdering av språklege ferdigheiter
- Vedtaka byggjer ofte på fleire informasjonskjelder og gir eit samla bilete av elevens nivå

Skular har som regel ei praksis for å gjere ei individuell og forsvarleg vurdering av norskferdigheitene før vedtak, i tråd med krava i regelverket.



Vurderer skulen behovet for morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag?

Kva vi ofte ser i tilsyn på området:

- Skulen opplyser gjerne at behovet blir vurdert gjennom kartlegging og samtalar
- Fleirspråkleg personale gir språkleg støtte i kvardagen
- Elevane blir ofte oppmoda til å bruke morsmålet aktivt
- Vedtaka viser gjerne til at behovet er vurdert, men inneheld ofte standardiserte formuleringar
- Det kjem ikkje alltid fram korleis skulen gjer ei systematisk og individuell vurdering av behovet for morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring i fag
- **I nokre skular ser vi at vurderinga ikkje byggjer på elevens behov, men på om skulen har personale med relevant språkkompetanse**
- Manglande tilgang på eigna personale blir somme stader brukt som grunn til ikkje å gi slik opplæring, utan at alternative løysingar blir vurderte

I fleire tilsyn ser vi at skular manglar dokumentert praksis for ei individuell og forsvarleg vurdering av behovet for morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag. Språkstøtte frå fleirspråkleg personale framstår ofte som generell støtte, ikkje som rettsbasert opplæring.



Vurderer skulen kva som er til eleven sitt beste?

Kva vi ofte ser i tilsyn på området:

- Skulen opplyser gjerne at elevane får medverke gjennom samtalar
- Lærarar involverer ofte elevane i spørsmål om gruppesamansetjing, arbeidsmåtar og faglege behov
- Skular viser gjerne til Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 og 12 i vedtaka
- Dokumentasjonen kan vise elevsamtalar og vurderingar av faglege behov
- Manglande rutinar om korleis elevane skal høyrast, og korleis elevens beste skal vurderast
- Elevmedverknad skjer i fleire tilfelle etter at vedtak er gjort

I mange tilsyn ser vi at skulen ikkje har ein systematisk praksis som sikrar reell elevmedverknad før vedtak blir fatta. Vurderinga av elevens beste framstår ofte som generell og ikkje individuell, slik regelverket krev.



Gjer skulen vedtak i samsvar med regelverket?

Kva vi ofte ser i tilsyn på området:

- Kommunen nyttar gjerne ein felles mal for enkeltvedtak basert på regelverket
- Vedtaka spesifiserer som regel:
 - at eleven får forsterka opplæring i norsk
 - kva læreplan som skal følgjast
 - omfang i årstimar og korleis opplæringa blir organisert
- Vedtaka inneheld informasjon om klagerett, klagefrist og klageinstans
- Dokumentasjonen viser ofte at elevane får eit kombinert tilbod (ordinær norsk + grunnleggande norsk)
- For elevar i innføringstilbod kjem det ikkje alltid fram om det er avvik frå fag- og timefordelinga

Skulen gjer som regel enkeltvedtak som i hovudsak oppfyller krava til innhald. Krav om læreplan, omfang og organisering er ofte oppfylte. Kommunen må likevel sikre at eventuelle avvik frå fag- og timefordelinga kjem klart og tydeleg fram i vedtaka.



Vurderer skulen norskferdigheitene undervegs i opplæringa?

Kva vi ofte ser i tilsyn på området:

- Skulen kartlegg norskferdigheitene gjennom undervegsvurderingar og halvårsvurderingar
- Leiinga vurderer jamleg om opplæringa er i samsvar med vedtaka
- Kartleggingsverktøy blir nytta og oppdaterte fleire gonger i året
- Dokumentasjonen viser ofte vurderingar av utvikling i lesing, skriving, munnleg kommunikasjon og ordforråd
- Undervegsvurderingar blir i hovudsak brukte til å tilpasse opplæringa, ikkje til å vurdere overgang til ordinær opplæring

Skulen vurderer språkferdigheitene undervegs, men praksisen sikrar ikkje alltid overgang til ordinær opplæring når ferdigheitene tilseier det. Overgang skjer ofte berre ved nytt skuleår.



Gjer skulen vedtak når eleven ikkje lenger har rett til særskild språkopplæring?

Kva vi ofte ser i tilsyn på området:

- Skulen opplyser gjerne at vedtaka inneheld informasjon om når opplæringa skal opphøre
- Dersom eleven oppnår tilstrekkelege norskferdigheiter før perioden er over, skal det fattast eige opphørsvedtak
- Lærarar utarbeider gjerne årsrapportar som vurderer om eleven treng vidare særskild språkopplæring
- Undervegsvurderingar blir brukte for å vurdere om eleven framleis har rett til opplæringa
- I praksis blir opphørsvedtak ofte fatta ved skuleslutt

Skulen har som regel praksis for å gjere vedtak om opphør når eleven ikkje lenger har rett. Overgang skjer likevel ofte først ved nytt skuleår, sjølv om skulen er kjend med plikta til å gjere vedtak når retten fell bort.